



---

Til

Siv Kristin Laland	1.trinn
Tina Braut	2.trinn
Therese Fossnes	3.trinn
Gunn Helen Svalestad	4.trinn
Cecilie Storlid	5.trinn
Linn Kristin Bore	6.trinn
Rune Molund	7.trinn
Sigrid Kjetland	rektor

### **Referat FAU-møte måndag 12.september kl.19.00-20.00 på Lye skule**

#### **Sak 1 Presentasjon og overføring av informasjon**

FAU vidarefører årshjulet som vart laga sist skuleår. Saker som må bli følgt opp utover det er arbeidet med ny ballbinge, Cecilie er kontaktperson i denne saka og held dialogen med idrettslaget og kommunen. FAU må søkje om midlar til å finansierer deler av ballbingen.

#### **Sak 2 Konstituere nytt styre og avklare arbeidsoppgåver**

Leiar – Linn

Nesteleiar- Therese, rykker opp som leiar neste skuleår

Kasserer – Gunn Helen

Sekretær – Siv Kristin

Kommunalt FAU- Tina

Kontaktperson ballbingen – Cecilie

Styremedlem – Rune

- Nye FAU-medlemmer må meldast til Brønnøysundregisteret. Send kontaktinformasjon til Gunn Helen.
- Leiar sender info om FAU som alle legg ut på trinnet sine Facebook-sider.
- Leiar sender ut innkalling til møta.
- Sekretær skriv referat frå dei neste møta.

#### **Sak 3 Møteplan for 2022-2023**

Tysdag 08.11 kl 18.00

Tysdag 03.01. kl 19.00

Tysdag 07.03. kl 18.00

Tysdag 02.05. kl 18.00 – årsmøte

Måndag 12.06. kl. 19.00

## **Sak 4 Eventuelt**

### **Pokemonkort**

Kome spørsmål til FAU om det er ok at elevane har med kort på skulen? Definert som leiker? Skaper det kjøpepress? Ein del elever er leie seg når dei kjem heim, kjenner seg lurt/har mista kort dei osv.

FAU drøfta positive og negative sider ved at elevane har med seg Pokemonkort på skulen. For nokon har det vore ein positiv aktivitet, dei har fått delt felles interesse på tvers av trinn. Synd og «alltid» forby det som elevane er opptekne av.

Reknar med interessa vil avta etter ei lita stund, det har me erfart tidlegare. Trender kjem og går.

Skulen har sendt ut melding til alle føresette ang bruk av pokemonkort. At det er på eige ansvar osv.

FAU konkluderer med at dei syns meldinga frå skulen var tydeleg og god, mykje dempa seg etter den blei sendt ut. Foreldre må snakke med sitt barn og gjer avtale om det er ok å ha med kort eller ikkje og snakke om kva konsekvens det kan få (du kan spele vekk eit kort du er redd for..). Vil sjå om det roer seg, viss problem med bruk av korta aukar kan skulen informere om at det ikkje lenger er lov å ha med pokemonkort på skulen.

### **Språkfag på ungdomskulen**

Fleire foreldre og elevar ønskjer spansk som språkfag på ungdomskulen, per dags dato tilbyr Lye U kun tysk. FAU vil vurdere å sende eit skriv til FAU på Lye U, der dei ber skulen sjå på moglegheta for å tilby spansk fram i tid. Kjempe for at spansk er eit tilbod når deira elevar skal begynne.

### **17.mai komiteen**

17.mai komiteen har bestemt at overskotet skal gå til Polen-turen på 10.trinn. FAU vil sjekke ut med 17.mai komiteen om det er mogleg å vurdere at FAU på barneskulen kan få litt av overskotet, slik at det også kan bli brukt til elevane på barneskulen.

Sigrid Kjetland  
-referent-